



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 06.09.2016  
**Tid:** 12:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sølvi Dimmen	Medlem	SP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Magnar Sunde	Sølvi Dimmen	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Asbjørn Moltudal	Fungerande rådmann
Per Heltne	Sakshandsamar PS 146/16 og 147/16

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 144/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 145/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 146/16	<b>Planid 2015001 - Bustadområde Legene - Bøkevegen - del av gbr 19/29. Avvising av privat planframlegg.</b>
PS 147/16	<b>Plan ID 1519-2016008 Detaljreguleringsplan Elvadalen - BK1 - del av gnr 30 bnr 4</b>
PS 148/16	<b>Utviklingsarbeidet destinasjon Volda - val av kommunale representantar</b>
PS 149/16	<b>Ny kommunelov - Høyring NOU 2016:4</b>
PS 150/16	<b>Kommunalt råd for funksjonshemma - forslag til namneendring og auke i antal medlemmer</b>
PS 151/16	<b>VTI-Symjegruppa - leige av symjehallen i Volda – folkebadinga</b>
PS 152/16	<b>Fritak frå gebyr i byggesak</b>
OS 115/16	<b>Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid</b>
OS 116/16	<b>Prosessdokument workshop Regionreforma</b>
OS 117/16	<b>Mandat for arbeidsgruppa til Felles samferdselspakke for Ørsta og Volda</b>
OS 118/16	<b>Referat frå møte nr. 1/2016 i styringsgruppa til Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta</b>
OS 119/16	<b>Målekortet, tiltaksplan og statusrapport NAV Ørsta/Volda pr. juni 2016</b>
OS 120/16	<b>Campusprosjektet – intensjonsavtale</b>
OS 121/16	<b>Forsvarsmelding</b>
OS 122/16	<b>Valkrinsar – grendeutval</b>
OS 123/16	<b>Prestholmen</b>
OS 124/16	<b>Ulike sentrumsprosjektet - organisering</b>

## **PS 144/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

### **Innkalling**

#### Dokument delt ut i møtet:

- OS 120/16 Framlegg til Intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune.

### **Sakliste**

Ordføraren kom med framlegg om å sette følgjande drøftingssaker på saklista:

- Forsvarsmelding
- Campusprosjektet – framlegg til intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune
- Valkrinsar – grendeutval

Margrete Bjerkvik ynskte at høyring vedk. ny forsvarsplan vert sett på saklista.

Gunnar Strøm ynskte ei orientering om Prestholmprosjektet.

Fride Sortehaug ynskte ei orientering om dei ulike sentrumsutviklingsprosjekta og organiseringa av desse.

Anders Egil Straume ynskjer ei orientering om bruk av driftsbygningar til næringsføremål. Fungerande rådmann vil ta opp dette i planmøte og gi attendemelding til formannskapet.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføraren, Margrete Bjerkvik, Gunnar Strøm, Fride Sortehaug og Anders Egil Straume, vart samrøystes godkjent.

## **PS 145/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte, 16.08.2016, vart samrøystes godkjent.

## **PS 146/16 Planid 2015001 - Bustadområde Legene - Bøkevegen - del av gbr 19/29. Avvising av privat planframlegg.**

### **Administrasjonen si tilråding:**

Kommunestyret sluttar seg til formannskapet sitt vedtak i sak PS118/16, og gjer slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret finn ikkje at arealspørsmålet og konsekvensane tilknytt dette er godt nok utgreidd gjennom plan/planprosess og finn ikkje at det er grunnlag for å fremje motteken privat detaljreguleringsplanplan for Legene -Bøkevegen. Planframlegget vert ikkje å legge ut til offentleg ettersyn.*
- 2. Arealbruken i området vert å vurdere/avklare i samanheng med revisjon av kommuneplanens arealdel.*
- 3. Kommunestyret ynskjer så langt råd å sikre trygg og god pasienttransport til og frå sjukehuset i Volda. I denne samanheng herskar det tvil om korleis denne utbygginga kan påverke den framtidig pasienttransporten med helikopter. Kommunestyret ber difor om i planprosessen å få ei avklaring på framtidige endra krav til landingsplass, infrastruktur og val av helikoptertype og sjuketransport.*
- 4. Kommunestyret finn at omsøkte grensejustering, der mindre areal frå gbnr 19/29 er tenkt tillagt sjukehuset sitt areal, er i samsvar med sjukehuset sine interesser og utan konflikt med andre interesser, kan gjennomførast utan vidare planavklaring.*

### **Handsaming:**

Planleggar Per Heltne møtte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Fride Sortehaug reiste spørsmål om habilitet. Mor hennar er nabo og har levert klage tidlegare i prosessen. Jf. fvl § 6, 1.ledd, b. Fride Sortehaug tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

### Røysting habilitet:

Fride Sortehaug vart samrøystes kjent inhabil.

Det var soleis åtte røysteføre under handsaminga av saka.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i formannskapet - 06.09.2016 til kommunestyret:**

Kommunestyret sluttar seg til formannskapet sitt vedtak i sak PS118/16, og gjer slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret finn ikkje at arealspørsmålet og konsekvensane tilknytt dette er godt nok utgreidd gjennom plan/planprosess og finn ikkje at det er grunnlag for å fremje motteken privat detaljreguleringsplanplan for Legene -Bøkevegen. Planframlegget vert ikkje å legge ut til offentleg ettersyn.*

2. *Arealbruken i området vert å vurdere/avklare i samanheng med revisjon av kommuneplanens arealdel.*
3. *Kommunestyret ynskjer så langt råd å sikre trygg og god pasienttransport til og frå sjukehuset i Volda. I denne samanheng herskar det tvil om korleis denne utbygginga kan påverke den framtidig pasienttransporten med helikopter. Kommunestyret ber difor om i planprosessen å få ei avklaring på framtidige endra krav til landingsplass, infrastruktur og val av helikoptertype og sjuketransport.*
4. *Kommunestyret finn at omsøkte grensejustering, der mindre areal frå gbnr 19/29 er tenkt tillagt sjukehuset sitt areal, er i samsvar med sjukehuset sine interesser og utan konflikt med andre interesser, kan gjennomførast utan vidare planavklaring.*

Fride Sortehaug tok sete (ni røysteføre).

## **PS 147/16 Plan ID 1519-2016008 Detaljreguleringsplan Elvadalen - BK1 - del av gnr 30 bnr 4**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunen har ikkje merknader til at det vert fremja privat detaljreguleringsplan for aktuelt område i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-11, basert på føringar gitt i gjeldande områdeplan- Elvadalen - planid. 1997004.*

### **Handsaming:**

Planleggar Per Heltne var til stades og svara på spørsmål frå formannskapet.

Odd A. Folkestad kom med slik protokolltilførsel:

*Ordføraren skal alltid ha melding før det vert avtalt oppstartsmøte i samband med fremming av private reguleringsframlegg.*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 06.09.2016:**

*Kommunen har ikkje merknader til at det vert fremja privat detaljreguleringsplan for aktuelt område i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-11, basert på føringar gitt i gjeldande områdeplan- Elvadalen - planid. 1997004.*

## **PS 148/16 Utviklingsarbeidet destinasjon Volda - val av kommunale representantar**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda formannskap syner til pkt. 2 i sak PS 82/16 og vel*

1. .... vara:.....
2. .... vara:.....

*som kommunen sine representantar i prosjektgruppa.*

### **Handsaming:**

Orienteringssak OS 124/16, vedk. ulike sentrumsprosjekt og organisering av desse, vart drøfta under handsaminga av saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg til medlemmer og varamedlem i prosjektgruppa:

1. Fride Sortehaug
2. Anders Egil Straume

Vara:

1. Odd Harald Sundal

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen, med framlegget frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 06.09.2016:**

*Volda formannskap syner til pkt. 2 i sak PS 82/16 og vel*

3. *Fride Sortehaug*                      *vara: Odd Harald Sundal*
4. *Anders Egil Straume*

*som kommunen sine representantar i prosjektgruppa.*

## **PS 149/16 Ny kommunelov - Høyring NOU 2016:4**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommunestyre viser til kommunelovutvalet si innstilling og debattgrunnlaget frå KS og har følgjande innspel til arbeidet med ny kommunelov:*

### **Handsaming:**

Formannskapet drøfta saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett.*

### **Røysting:**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

### **Tilråding i formannskapet - 06.09.2016 til kommunestyret:**

## **PS 150/16 Kommunalt råd for funksjonshemma - forslag til namneendring og auke i antal medlemmer**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Kommunalt råd for funksjonshemma endrar namn til Råd for likestilling av funksjonshemma.*
- 2. Utviding av antal medlemmer i rådet: Ingen tilråding*

### **Handsaming:**

Ordføraren kom med slikt framlegg:

- 1. Råd for likestilling av funksjonshindra.*
- 2. Utvalet skal ha sju medlemer, fortrinnsvis minst fire frå brukarorganisasjonane.*

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett.*

### **Røysting:**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i formannskapet - 06.09.2016 til kommunestyret:**

**PS 151/16 VTI-Symjegruppa - leige av symjehallen i Volda - folkebadinga**

**Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Kommunestyre godkjenner at VTI symjegruppa får eit tilskot på kr 50.000 pr år, under føresetnad av at grunnskulelevane i Volda kommune får gratis inngang på folkebadinga.*
- 2. Ordninga gjeld frå budsjettåret 2017, og skal evaluerast etter eitt år. Tiltaket vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

**Handsaming:**

Fride Sortehaug reiste spørsmål om habilitet. Ho er instruktør i symjegruppa, jf. fvl § 6, 2. ledd. Fride Sortehaug tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Fride Sortehaug vart samrøystes kjent habil.

Fride Sortehaug tok sete.

Anders Egil Straume, KrF, kom med slikt framlegg:

*Under punkt 1. 100000.- (ellers som det står)*

**Røysting:**

Det vart røysta alternativ mellom framlegget frå Ander Egil Straume og tilrådinga frå administrasjonen. Framlegget frå Anders Egil Straume fekk fire røyster (Anders Egil Straume, Margrete Bjerkvik, Odd Harald Sundal og Fride Sortehaug) og fall, fem røysta imot.

**Tilråding i formannskapet - 06.09.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyre godkjenner at VTI symjegruppa får eit tilskot på kr 50.000 pr år, under føresetnad av at grunnskulelevane i Volda kommune får gratis inngang på folkebadinga.*
- 2. Ordninga gjeld frå budsjettåret 2017, og skal evaluerast etter eitt år. Tiltaket vert å innarbeide i komande budsjett og økonomiplan.*

## **PS 152/16 Fritak frå gebyr i byggesak**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Med heimel i punkt A6 i "Forskrift om gebyrregulativ for forvaltningstenester etter plan- og bygningslov (byggesaksdelen) og lov om eigarseksjonar" finn Formannskapet å kunne gi fritak frå byggesaksgebyret i sak 107/16. Bakgrunnen for fritaket er at tiltaket er vurdert til å vere eit fellesgode for Voldasamfunnet og vert utført på dugnad.*

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 06.09.2016:**

*Med heimel i punkt A6 i "Forskrift om gebyrregulativ for forvaltningstenester etter plan- og bygningslov (byggesaksdelen) og lov om eigarseksjonar" finn Formannskapet å kunne gi fritak frå byggesaksgebyret i sak 107/16. Bakgrunnen for fritaket er at tiltaket er vurdert til å vere eit fellesgode for Voldasamfunnet og vert utført på dugnad.*

## **OS 115/16 Organisering av interkommunalt IKT-samarbeid**

## **OS 116/16 Prosesdokument workshop Regionreforma**

## **OS 117/16 Mandat for arbeidsgruppa til Felles samferdselspakke for Ørsta og Volda**

## **OS 118/16 Referat frå møte nr. 1/2016 i styringsgruppa til Felles samferdselspakke for Volda og Ørsta**

## **OS 119/16 Målekortet, tiltaksplan og statusrapport NAV Ørsta/Volda pr. juni 2016**

## **OS 120/16 Campusprosjektet - intensjonsavtale**

Framlegg til Intensjonsavtale mellom Høgskulen i Volda og Volda kommune, vart utdelt i møtet.

Ordføraren orienterte om saka og oppmoda formannskapet til å sjå på intensjonsavtalen og kome med merknader.

## **OS 121/16 Forsvarsmelding**

Ordføraren orienterte om saka om kom med slikt framlegg til uttale:

*Volda kommune viser til forslaga i forvarsmeldinga, at:*

- *HV-11 skal leggest ned som sjølvstendig eining og overtakast av administrasjonar i Bergen og Trondheim. Samstundes skal talet heimevernsoldatar reduserast til 30.000. Volda kommune si vurdering er at dette vil redusere beredskapen på Nordvestlandet i vesentleg grad både knytt til forsvar, men også til sivilt beredskap. Nordvestlandet er spesielt utsett for konsekvensar av ekstremver, fjell- og snøras m.m. og heimevernet har ei viktig rolle som hjelpar i slike nødssituasjonar.*
- *Sjøheimevernet skal leggest ned. Dette vil ramme Nordvestlandet spesielt hardt sidan dette er ein del av den sivile beredskapen vi treng i vårt område.*

*Vår vurdering er at forvarsmeldinga i for liten grad tek omsyn til det ansvar forsvaret har for sivilt beredskap i fredstid. Vi er oppteken av forsvarevnen vår, men vil peike på behovet for totalforsvar også mot andre farar enn invasjon.*

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg til uttale:

*Volda Kommune er sterkt imot dei forslag til nedleggelsar som er nemnt i regjeringa sitt framlegg til Forsvarets Langtidsplan. Mange av punkta som er lagt fram i LtP vil sterkt redusere den lokale, regionale og nasjonale beredskap både sivilt og militært. I ei tid der trugselbiletet er i endring og våre naboar og allierte i NATO styrkjer sine forsvar, går vi i feil retning. Det er sterkt kritikkverdig at vårt territorielle forsvar er føreslått så sterkt redusert som skissert i Ltp.*

*Lokalkunnskapen som HV har kjennskap til er uerstatteleg og er uhyre viktig. Ikkje berre i militær samanheng og i samband med terror og sabotasje, men også i den sivile beredskapen. Heimevernet er den rimelegaste forsikringa vi har mot ei fiendtleg makt, og er og best på responstid. HV er og i stand til å bistå politiet ved behov. (jmf; §13 Heimevernslova) Seinast i 2011 under orkanen Dagmar var HV ei stor ressurs som utgjorde ei viktig innsats i ryddearbeidet og arbeidet for å få infrastrukturen i gang igjen. Det er ytterst nødvendig at HV får bestå i si noverande form, for å ivareta samfunnsberedskapen.*

*Sjøheimevernet gir beredskap langs heile kysten for en kostnad på 2800 kroner pr kilometer. Med tilgang på omlag 150 større og mindre fartøy. Om SHV og også Kystjegerkommandoen blir lagt ned vil beredskapen langs heile kysten bli rasert. Politiet har ikkje kapasitet til å ivareta sikring av dei sikringsobjekt som SHV og KJK no har ansvar for. ISPS hamnar, skipstrafikken og olje/gass anlegg er blant dei. Volda Kommune stiller seg sterkt kritisk til at der er inga erstatning for den tapte beredskap langs kysten om dette blir vedtatt.*

Formannskapet drøfta saka og var samde om at ordføraren får fullmakt til å sende uttale i samsvar med framlegga ovanfor. Etter at Sunnmøre regionråd har gitt fråsegn, vert saka lagt fram for formannskapet på nytt.

### **OS 122/16 Valkrinsar - grendeutval**

Ordføraren orienterte om saka, og la fram tankar kring politisk organisering på grendenivå. Bakgrunnen for dette er krav om elektronisk manntal i krinsane og at mange grendeutval ikkje er aktive. Formannskapet drøfta saka og var samde om at dette er to ulike saker som ein bør arbeide vidare med.

### **OS 123/16 Prestholmen**

Ordføraren og fungerande rådmann, Asbjørn Moltudal, orienterte om saka. Arbeidet er i startfasen og det er enno ikkje gitt byggeløyve eller avsett midlar til prosjektet.

### **OS 124/16 Ulike sentrumsprosjektet - organisering**

Orienteringssaka vart drøfta i samband med handsaminga av sak PS 148/16.

Møtet slutt 15:25

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
07.09.2016

Sonja Håvik  
konsulent